



Norconsult Norge As
Postboks 626
1303 Sandvika

Dykkar ref.
Sturla Øydvin

Vår ref.
26/5078 - 2

Dato
17.06.2026

Saksnr.	Utval
66/26	Utval for kultur og næring

Løyve til omdisponering etter jordlova § 9 - gbnr. 267/9 - Flisram busshaldeplass

Tiltak: Omdisponering av fulldyrka jord og dyrkbar jord på gnr 267, bnr 1,3 og 9
Eigedom: Gbnr: 267/9
Tiltakshavar: Statens vegvesen
Søkjar: Norconsult Norge AS

Vedtak

Voss herad gjev løyve til omdisponering av fulldyrka jord til bebygd areal som omsøkt. Med heimel i jordlova § 9 andre og tredje ledd får Statens vegvesen dispensasjon til å permanent omdisponera 130 m² dyrka jord og mellombels omdisponera 300 m² dyrka jord til busslomme og busshaldeplass i samsvar med kart i søknaden

Følgjande vilkår ligg til grunn for løyvet:

1. Midlertidig omdisponert areal skal tilbakeførast til dyrka jord innan eit år etter at tiltaket er ferdigstilt.
2. Jamfør jordlova § 9 fjerde ledd fell dispensasjonen bort viss tiltaket ikkje er sett i gang innan tre år etter at dette vedtaket er endeleg.

Jf forvaltningslova §§ 28 og 29, har partane i ei sak høve til å klaga over forvaltningsvedtak innan tre veker etter dei vart kjende med vedtaket.

Det er Statsforvaltaren i Vestland som er klageinstans, men det er Voss herad som skal ta imot og førebu saka. Klagen må vera skriftleg. Klagaren må skildra dei punkta i vedtaket klagaren meiner er feil. Det må gå klårt fram kva som er det ynskte utfallet.

Saksopplysningar

Lovgrunnlaget:

Vedtaket er gjort med heimel i jordlova § 9.

Informasjon om saka:


Norconsult Norge AS søker på vegne av Statens vegvesen om omdisponering av dyrka jord for å etablere trafiksikker busslomme og busshaldeplass på Flisram gbnr 267/9. Dei skal erverva areal frå omliggjande eigedomar gbnr 267/1 og gbnr 267/3 for å byggja busslomma. Areala her er kartlagt som fulldyrka og krev omdisponering etter jordlova §9.

Tiltaket er grunngjeve med naudsynt sikring av mjuke trafikantar i nærleik til riksveg 13. Tiltaket krev permanent omdisponering av 130 m² dyrka jord og mellombels omdisponering av 300 m² dyrka jord.


Frå søknaden: *Trafikksikringstiltaket er naudsynt sidan dagens trafikksituasjon ikkje er tilstrekkeleg sikker for born og vaksne. Det har vore eksempel av farlege situasjonar som har oppstått, denne vinteren var det ein situasjon der brøytebil ikkje såg born ved vegen, grunna snømassar og at kollektivtransport ikkje i tilstrekkeleg grad er tilrettelagt for lokalbefolkninga.*

Tiltaket vert planlagt gjennomført samstundes med bygging av ny veg til kårhus på gbnr 267/4, som vert omsøkt som landbruksveg i eigen sak.

Kartet under syner ny busslomme øvst i bilete og ny tilkomstveg til kårhus.



Kartet syner plassering av busslomme (grått areal), fortau (rosa areal), leskur (blått areal) og skråningsutslag (gul).



Dei omsøkte areala er i AR5 kartlagt som fulldyrka (orange) og skog med dyrkbar jord (grøn med raud skravur).

Kart som syner markslag henta frå gardskart.no.



Grunngjeving

Vurdering/drøfting:

Vurdering etter § 9:

Jordlova § 9 har eit forbod mot omdisponering: *«Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrka jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.»*

Jf rundskriv M-2/2021 Driveplikt, omdisponering og deling etter jordlova må ein i vurderinga trekkja med momenta som er nemnt i formålsparagrafen til jordlova § 1, andre og tredje ledd:

«Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar.

Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå framtidige generasjonar sine behov. Forvaltinga av arealressursane skal vera miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern om jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter».

Rundskriv M-2/2021 utdjuar momenta som skal liggja til grunn for kommunen si vurdering etter § 9 i jordlova:

Vilkåra for å gi samtykke til omdisponering etter § 9.

Jordlova § 9 andre ledd, seier at *«Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika.»*

«Særlege høve»

Det er ikkje nok å ha eit alminneleg ynskje om å omdisponera jordbruksarealet, dyrka og dyrkbar jord skal ha eit sterkt vern. Tiltaket er i strid med omsynet til jordvernet, men omsynet til jordvernet må i dette tilfellet vegast opp mot fordelane ved å trafikksikre busshaldeplassen og leggje til rette for trygg ferdsel for mjuke trafikantar.

«Ei samla vurdering»

Vidare: *«Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi. Det skal óg takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon. Det kan krevjast lagt fram alternative løysingar.»*

I det fylgjande vil heradet gjera ei samla vurdering av tilhøva som skal vektleggjast i søknaden om omdisponering:

«Godkjende planar etter plan- og bygningslova»

Eigedommen ligg i LNF-område i arealdelen til kommuneplanen. Det at eit område er regulert til landbruksformål, er i seg sjølv eit moment av stor vekt mot at det bør gjevast samtykke til omdisponering etter jordlova.

Tiltaket er ikkje i tråd med LNF-føremålet. Her er det søkt om å omdisponera om lag 130 m² fulldyrka areal for å byggje busshaldeplass. Samstundes legg både samfunns- og arealdelen av kommuneplanen vekt på at det er eit ynskje å leggje til rette for auka bruk av kollektivtransport i

heradet og leggja til rette for sikker reiseveg til skule. Voss herad sin jordvernstrategi seier i punkt 1.2 at: *Omdisponering av dyrka eller dyrkbar jord kan berre vurderast i samband med etablering av viktige samfunnsnyttige føremål og kritisk infrastruktur.*

Busshaldeplass vert i dette tilfelle definert som kritisk infrastruktur og det kan difor omdisponerast til dette føremålet.

«Drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området»

Ei omdisponering kan få negative konsekvensar for landbruket i området. Dei drifts- eller miljømessige ulempene må vera konkrete pårekelege ulemper av ein viss styrke og omfang. Drifts- eller miljømessige ulemper kan oppstå på resteigedomen etter omdisponeringa, men også på omkringliggjande eigedomar.

Tiltaket er planlagt på fulldyrka areal. Det er i samtale med grunneigar informert om at arealet i dag vert nytta til lagring av rundball og utstyr då det er lite og marginalt. At dette arealet går ut av drift vil ikkje fpåverka landbruksdrifta større. Det vil etter bygging av busshaldeplassen framleis vera tilkomst til restarealet.

Miljømessige ulemper ved å omdisponera kan vera konflikter knytt til støv, støy og lukt frå landbruksdrift. Då tiltaket er busshaldeplass og ikkje for eksempel. Bustad vil det ikkje vera relevante miljømessige ulemper knytt til tiltaket.

«Kulturlandskapet»

Omdisponeringa vil ikkje påverka landskapsbiletet i nokon større grad, mangfaldet i naturen eller kulturhistoriske verdiar.

«Det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi»

Tiltak som har verdi for ålmenta eller ei større gruppe personar, fell inn under bestemmelsen. Busshaldeplassen vil gje tryggare reiseveg for ungar som skal på skulen og folk som nyttar seg av kollektivtransport. Tiltaket vil gagna ei større gruppe enn berre grunneigar og vera med på å gjere trafikkforholda på staden betre.

«Om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon»

Arealet vil bli varig omdisponert som fylgje av tiltaket.

«Mellom anna»

Det er opna for å leggja vekt på andre omsyn enn dei som er direkte nemnt i bestemmelsen, men det må dreia seg om omsyn lova skal fremja. Heradet vurderer at det i dette tilfellet ikkje føreligg andre omsyn som bør vektleggjast.

Samla vurdering:

Med bakgrunn i drøftingane over, får tiltakshavar løyve til omdisponering frå dyrka areal til bebygd areal etter jordlova § 9 som omsøkt

Med venleg helsing

Inger Marie Hernes
Rådgjevar
Tlf: 95262047

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur